



FYLKESMANNEN  
I SOGN OG FJORDANE

**Handlingsplan for Inn på tunet  
i Sogn og Fjordane 2013-2016**



*Foto: Linda Rognø*

## Innhald

Om planen .....	2
Definisjon av Inn på tunet .....	2
Nasjonale føringer .....	2
Medverkande i utarbeidingsa av planen: .....	3
Status for Inn på tunet i Sogn og Fjordane.....	4
Inn på tunet i fylket .....	4
Inn på tunet nettverket .....	5
Godkjenningsordninga .....	5
Inn på tunet-løftet .....	5
Kompetanseheving.....	5
Utfordringar.....	6
Satsingsområde, mål, tiltak, ansvar og tidsramme .....	6
Forankring.....	7
Informasjon .....	8
Kvalitetssikring.....	9
Kompetanseheving.....	10
Nettverksbygging.....	11
Nye områder for Inn på Tunet.....	11

## Om planen

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane har i samarbeid med ei arbeidsgruppe utarbeidd handlingsplan for Inn på tunet (IPT) i Sogn og Fjordane for perioden 2013-2016. Tiltaka i handlingsplanen er forankra i Nasjonal strategi for Inn på tunet, 2012. Det er lagt vekt på samarbeid og aktivitetar på tvers av avdelingane hos Fylkesmannen, den regionale partnarskapen og dei involverte aktørane i fylket.

Planen skal ein gjennomgå og revidere årleg, første gong i løpet av januar 2014.

## Definisjon av Inn på tunet

«Inn på tunet (IPT) er tilrettelagde og kvalitetssikra velferdstenester på gardsbruk. Tenestene skal gje meistring, utvikling og trivsel for deltagarane. Gardsbruk er ein eigedom som nyttast til jord-, skog-, eller hagebruk. Aktivitetane i tenestetilbodet er knytt opp til garden, livet og arbeide der»



Foto: FMLA

## Nasjonale føringer

- Fornyings-, administrasjons- og kirkedepartementet : Tildelingsbrev 2013, kap. 1510, Fylkesmannsembetene, s. 16 «Fylkesmannen har en sentral rolle som tilsynsmyndighet og som tilrettelegger for tjenesteutvikling og næringsutvikling innenfor mange av tjenesteområdene for Inn på tunet. Nasjonal strategi for Inn på tunet skal legges til grunn for det videre utviklingsarbeidet. Fylkesmannen skal i sitt arbeid med forebygging, helse-, sosial- og omsorgstjenester, samt innenfor utdanningsområdet, vurdere Inn på tunet som et aktuelt tiltak innenfor rammene av sektorlovgivingen. Fylkesmannen skal i samarbeid med det regionale partnerskapet støtte opp om aktiviteter knyttet til kommunene og deltagere i Inn på tunet-løftet spesielt»
- Landbruks- og matdepartementet: Embetsoppdrag til Fylkesmennene for 2013, pkt. 23.1 «Bidra i arbeidet med nasjonal handlingsplan for Inn på tunet og oppfølging av nasjonal strategi for Inn på tunet, sikre oppfølging av kommunene som deltar i Inn på tunet-løftet og bidra til implementering av godkjennings- og merkeordningen for Inn på tunet. Bidra til utvikling av nytt nasjonalt nettsted for Inn på tunet, og god informasjons- og kommunikasjonsflyt, samt sikre at arbeidet ses i sammenheng med Fylkesmannen sitt arbeid på øvrige sektorområder»

- Helse- og omsorgsdepartementet: Demensplan 2015 «Den gode dagen», regjeringens handlingsplan, revidert handlingsprogram for perioden 2012-2015
- Landbruks- og matdepartementet og Kommunal- og regionaldepartementet : Nasjonal strategi for Inn på tunet, 2012
- Utdanningsdirektoratet: Udir-3-2010 Bruk av alternative opplæringsarenaer i grunnskolen

### **Medverkande i utarbeidninga av planen:**


- Fylkesmannen Helse, Rita Hagen Molvær
- Fylkesmannen Landbruk, Ingrid Skaar Døskeland og Randi Erdal
- Fylkesmannen Utdanning, Lill-Mona Solberg
- Innovasjon Norge Sogn og Fjordane, Vemund Aartun
- KS Sogn og Fjordane, Jon Egil Vik
- NAV Sogn og Fjordane, Sara Christine Johnsborg
- Sogn og Fjordane Bondelag, Oddvin Haugland
- Sogn og Fjordane Bonde- og Småbrukarlag, Harald Jarl Runde
- Sogn og Fjordane fylkeskommune, Karoline Aldis Bjerkeset
- Sogn og Fjordane Skogeigarlag, Lindis Bergland
- Tilbydarnettverket, Linda Rognø



Foto: Linda Rognø

## Status for Inn på tunet i Sogn og Fjordane

### Inn på tunet i fylket



Henta frå tilbydaroversiktat til IPT-nettverket for 2012. Lista syner tilbydarar i oppstartsfasen og etablerte tilbod.

Luster, Gloppen, Førde, Naustdal og ÅLA (Årdal, Lærdal og Aurland) har hatt mobiliseringsprosjekt knytt til IPT med støtte frå BU-midlane.




Foto: Linda Rognø

## **Inn på tunet nettverket**

Sogn og Fjordane har som eitt av 11 fylke, eit IPT-tilbydarnettverk. Tilbydarnettverket er ein medlemsorganisasjon for tilbydarar av IPT-tenester i Sogn og Fjordane. Inn på tunet-nettverket vart skipa i 2004 og har pr. desember 2012, 40 medlemmar.

## **Godkjenningsordninga**

Frå 1.1.2014 må alle gardsbruk som vil tilby velferdstenester gjennom IPT-ordninga, være godkjente av KSL- Matmerk. For og verte godkjent må ein oppfylle definisjonen på IPT, gjennomføre kvalitetssikring av eiga verksemد basert på KSL- standard 1 og 11 og bestå ein godkjenningsrevisjon av KSL- Matmerk. Pr 1.1.2013 er det 16 tilbydarar i fylket som har starta prosessen med godkjenning.



## **Inn på tunet-løftet**

Landbruks- og matdepartementet står bak ei treårig satsing på Inn på tunet i kommunane. IPT- løftet skal styrke arbeidet med tenesteutviklinga og gjere kommunane merksame på tenester innanfor IPT. Målet er å styrke kommunane sin kapasitet og kompetanse til å drive tverrsektorielt utviklingsarbeid innanfor dette område, og forankre det i kommunale planar og strategiar. I Sogn og Fjordane er det to løft-kommunar, Aurland og Naustdal.

Aurland har eit prosjekt der målet er å utvikle omsorgstilbod i kommunen og tenkte nytt kring omsorg. Ein skal også utarbeide og etablere ein lokal læreplan i stadbasert læring som verktøy for dette. Naustdal har eit prosjekt der ein skal gå ut breitt i kjøpargruppa og blant bønder i heile kommunen og få nye tilbod innanfor helse og omsorg, og skule og oppvekst.

## **Kompetanseheving**

I samarbeid med Fylkesmannen i Hordaland og Møre og Romsdal har det vore gjennomført kurs i Garden som pedagogisk ressurs i 2009 og 2011, samt at ein har vore initiativtakar til modulbaserte kurs ved Høgskulen i Molde innanfor psykisk helse og demens.

Fylkesmannen har teke initiativ til gjennomføring av KSL-kurs i samarbeid med Landbrukets HMS-teneste, to gonger årleg sidan 2011.


## Utfordringar

Under er det lista opp nokre kjende utfordringar knytt til bruk av Inn på tunet. Målet er at handlingsplanen skal møte nokre av desse utfordringane i satsingsområda og gjennom tiltaka.

- Å bruke gardsbruk som arena og halde seg innanfor eksisterande regelverk og kvalitetsstandardar
- Det kan være eit kortsiktig økonomisk perspektiv i kommunane
- Skepsis knytt til å nytte privat forretningsdrift i norsk velferdssektor
- At samfunnsnytta og effekten av Inn på tunet-tilboda ikkje er godt nok kjent
- Dialogen mellom, tilbydar, tenestekjøpar og brukar er nokre gonger ikkje god nok
- Avtalar mellom kjøpar og tilbydarar har for kortsiktig perspektiv
- For liten kunnskap om kva Inn på tunet og godkjenningsordninga tyder

## Satsingsområde, mål, tiltak, ansvar og tidsramme

Hovudmålsetninga er å utvikle kvalitetssikra og samfunnsnyttige velferdstenester med garden som arena.



For Sogn og Fjordane har vi peika på seks satsingsområde som ein vil jobbe med i planperioden. Desse satsingsområda er utvald frå dei nasjonale satsingsområda innanfor Inn på tunet.

FORANKRING	INFORMASJON	KVALITETSSIKRING
KOMPETANSEHEVING	NETTVERKSBYGGING	NYE OMRÅDER

## Forankring

Når ein skal forankre inn på tunet, kan ein ikkje jobbe berre frå tilbydarsida, eller i ei avdeling i kommunen. Det er viktig at alle, frå beslutningstakarar, til dei som skal jobbe med tilbydaren, har den same kunnskapen og dreg i same retning.

Mål	Tiltak	Ansvar	Tidsramme
Inn på tunet skal forankrast i fylkeskommunale, kommunale, Fylkesmannen, Innovasjon Noreg og faglaga sine planar og strategiar  NAV-kontora skal kjenne til IPT-tilboda i sin kommune  IPT skal sjåast på som ei bygdenærings	Oppstart av statleg koordineringsgruppe (NAV, FM (alle tre avd) og BUFetat)	FMLA	2013
	Informasjon om IPT til dei ulike tenesteområda og NAV i kommunane i Sogn og Fjordane gjennom korte seminar og møte	FMLA, IPTN, KS, NAV	2013-2016
	Handlingsplanen skal sendast til leiarane i samband med høyringsrundar til stat, fylkeskommunen og kommunane	FMLA	1.kv 2013
	IPT- skal omtalast i fylkeskommunale og kommunale- planar	FK, KS, FMLA	2013-2016
	IPT- skal omtalast i relevante planar og strategiar til Fylkesmannen, IN, NAV og faglaga	FM, IN, NAV, faglaga	2013-2016




Foto: Linda Rognø

## Informasjon

Formidling av informasjon og forsking på fagfeltet, til brukarar, tilbydarar og kjøparar er viktig.

Mål	Tiltak	Ansvar	Tidsramme
Kommunane skal kjenne til innhaldet, mangfaldet og mogeligheter innanfor Inn på tunet	Oppsøkande verksemd- tilby informasjon frå FM til kommunar	FMLA	2013-2016
Ha ei referansegruppe med deltagarar frå alle organisasjonane som har vore involvert i handlingsplan-arbeidet	Oppsøkande verksemd- tilby informasjon frå tilbydarnettverket til kommunar	IPTN	2013-2016
	Etablere eit eige informasjonsprosjekt som oppsøker kommunane, regionråda og andre kjøpergrupper som fortel om mangfaldet i ordninga. Om moglegheitene og om innsats som krevast frå kommunen si side og presenterer god praksis, informasjon om resultat frå forskning. Informasjonsmøter til ulike brukergrupper td. Ift. Demente	FMLA	2013
	Informasjon til rådmannsutvalet i KS	KS	2013-2016
	Nyheitsbrev for IPT, om lag annankvar månad	IPTN, FMLA	2013-2016
	Representantar frå arb.gr. knytt til handlingsplanen, kan invitere seg inn i aktuelle fora	Alle	2013-2016
	Oppdatere Fylkesmannen si side, om lag ein gong i månaden	FM	2013-2016
	Lage ein informasjonsbrosjyre til tilbydarar og kommunar	FM	2013
	Kartlegge bruk av IPT-tjenester i kommunane i dag	FMLA	2013-2016

## Kvalitetssikring

Ein skal gje gode tenester til enkeltmenneske i ulike livssituasjonar. For å utvikle tenesta og å sikre legitimitet og føreseielegheit har ein frå sentralt hald utarbeidd eit kvalitetssystem for garden som arena for IPT-tenester. Kvalitetssikringa byggjer på ei klar ansvars og rolledeeling.

Mål	Tiltak	Ansvar	Tidsramme
Trygghet for kjøpar, brukar og tilbydar gjennom godt avtaleverk	Brukundersøkingar og regelmessig evaluering av tilbodet	KS, IPTN	2013-2016
Kjøparar skal kjenne til Kvalitetssikringsordninga og stille krav om at Inn på tunet-tilbydaren skal være sertifisert	Legge til rette for godt samarbeid mellan brukar, kjøpar og tilbydar gjennom avtaler	FM	2013-2016
	Kurs til tilbydarar	IPTN, FMLA	2013-2016
	Informasjon om sertifiseringsordninga til kommunane	FMLA, KS	2013-2016
	Kurs til kjøparar	Alle	2013-2016
	Utvikle kvalitetsstandar for ulike tenester	FM, KS	2013-2016
	Informere om sertifiseringsordninga generelt	Alle	2013-2016
	Arrangere KSL-kurs	FMLA	2013-2016
	Pilotprosjekt på veileddningsgrupper for kommunane	FM	2013-2016

## Kompetanseheving

Kompetanse handlar om næringsa si evne til å handtere dei oppgåvane som kjøpar og brukar av Inn på tunet-tenestene forventar. Det handlar også om kjøpars evne til å bestille rett teneste til sine brukarar. Inn på tunet-tilbydarane skal verte konkurransedyktige på kvalitet og pris.

Mål	Tiltak	Ansvar	Tidsramme
Auke kompetansen hos kjøparane og tilbydarane  Kompetanseheving i førstelinjenesta i forhold til rådgjeving av potensielle Inn på tunet tilbydarar	Kjøparkompetanse (anbud, krav, oppfølging)	FMLA	2013-2016
	Heve kompetansen i førstelinjenesta (for eksempel kurs)	FK, IN, FMLA	2013-2014
	Etablerarkurs for IPT tilbydarar (prissetting, kontraktskriving, anbudsutarbeiding)	FK, IN, FMLA	2013-2016
	Kursplan for handlingsplan-perioden	FMLA	2013
	Fadderavtaler i samband med støtte om etablerartilskot	IN	2013-2016



Foto: Kristin Sie og Linda Rognø

## Nettverksbygging

Få til gode samarbeid og styrke relasjonane mellom skule/oppvekst, helse/omsorg og rehabilitering/arbeid og landbrukssektoren for betre nytting av ressursen som landbruket representerar.

Mål	Tiltak	Ansvar	Tidsramme
Tilrettelegge for gode nettverk for å auke kunnskapen om Inn på tunet og få erfaringsutveksling mellom brukarar, kjøparar og tilbydarar	Støtte IPT-tilbydarnettverket	Alle	2013-2016
	Samarbeidsfora for IPT kjøparar	Alle	2013-2016
	Studieturar til IPT prosjekt med gode tilbydarar og kjøparar	FMLA, IPTN	2013-2016
	Nettverk med IPT-koordinatorane i vestlandsfylka	FMLA	2013-2016
	Bedriftsnettverk, samarbeid i regionar	IN	2013-2016

## Nye områder for Inn på Tunet

I Sogn og Fjordane er det framleis mange kjøpargrupper som ikkje nyttar Inn på tunet i dag, og det er fleire område som det kunne vore satsa på i høve Inn på tunet.

Mål	Tiltak	Ansvar	Tidsramme
Få Inn på tunet- tilbod i fylket innanfor: <ul style="list-style-type: none"> <li>• Grønt arbeid (NAV)</li> <li>• Førebyggande arbeid</li> </ul> Gjere Inn på tunet kjent innanfor nye kjøpargrupper som til dømes <ul style="list-style-type: none"> <li>• Bufetat</li> <li>• Friomsorgen</li> <li>• NAV</li> </ul>	Lage ein plan for samarbeid med NAV-arbeid eks. NAV-arbeidspraksis i skjerma bedrift (APS), arbeidsopplæring (AMO), arbeid med bistand (AB)	FMLA, NAV	2013
	Lage ein plan for samarbeid med Friomsorgen	FMLA	2013
	Lage ein plan for samarbeid med BUFeat (for eksempel Barnevern)	FMLA, FMHS	2013
	Lage ein plan for tettare samarbeid med NAV	FMLA, NAV, FMHS	2013
	Finne gode måtar å jobbe med IPT innan omsorgstenester	FM	2013-2016
	Starte eit prosjekt med skulehagar, terapeutisk hagebruk osb.	FMLA, NB, NBSL	2013
	Auke bruk av skogen som ein rehabiliteringsarena (for eksempel vedhogging, skogskjøtsel)	FMLA, SFSKOG	2013-2016